



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2010.

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713

Årgang 46



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Vigdis Riise
Visepres:	Magnar Hatløy
Sekretær:	Odd Arne Holstad
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Oddvar Haugen
Styremedlem:	Anders Riise
Styremedlem:	Jarle Kristiansen
Ansv.red.:	Håvard Myrene
Referent:	Åge Nytun, Kirsti H. Øvreliid

## Fødselsdagar i desember:

Øystein Alme	14. desember
Elias Sellevoll	15. desember
Bjørn Teigene	19. desember
Einar Arne Riise	27. desember

Frammøteporsent i des: 72,3 %

## SMÅFUGLENE PÅ JULENEKET

"Kom lille sisik! Følg med, følg med!  
Et herlig julekveldsmål jeg vet."

"En fattig husmann bak skogen bor.  
Han gir oss et nek i år som i fjer."

"Han eier kun tre, dog gir han oss et.  
For Jesu skyld så gjør han det."

"Og hør du småsisik, stor ei så,  
men følg med din fetter, spurven grå!"

Så fløy de søskenbarn av sted.  
Om julevelden er lykken med.

Seg katten listet på låvebro,  
Han skottet nok lysten opp til de to.

Men sulten gjør både døv og blind,  
De styrtet like i neket inn.

Der satt de så lunt i sno og sne,  
Kun høyest stjerne kunne dem se.

Der satt de trygt på den høye stang.  
Den julenatt ble dem ei for lang.

De satt der begge til messetid.  
Da klokken ringte, så fløy de dit.

De satte seg på det spir av gull.  
Der så de him`len av engler full.

## Møte 6. desember 2010.

Opningssongen var ”vi vandrer med freidig mot”

President Vigdis starta så møtet med å lese eit dikt av Olav H. Hauge.

Dagens foredragshaldar var Eirik Barstad, som fortalte om ei reise han hadde gjennomført jorda rundt på 7 månader.

Første stopp på reisa var Dublin, og han reiste vidare derfrå til New York, der han var i to dagar. Der fekk han sjå dei imponerande bygningane og ulike bydelane på Manhattan. Han fekk også tak i billege togbillettar og reiste vidare til Boston og Chicago, og deretter til Seattle, San Francisco og Los Angeles. Han reiste så til New Orleans der han bl.a. besøkte den norske sjømannskyrkja, og derfrå til Houston, for så å forlate USA og reise vidare til Marida i Mexico, der han var nokre dagar og fekk sjå dei store ulikhetene i landet.

Frå Mexico drog han vidare til Guatemala, der han budde hos ei familie i byen Antigua. Det meste av folket der er innfødde, men med eit stort innslag spanjolar, som naturleg er, då Guatemala er ein tidlegare spansk koloni. Folket var svært fargerikt kledd, og bilparken bestod for det meste av gamle amerikanske bilar, og bussane var gamle amerikanske skulebussar. Språket var spansk, men dei innfødde har også sitt eige språk. Han fekk også oppleve jul i dette landet og den minste mest om nyttårsfeiringa hos oss, med tog gjennom gatene og fyrverkeri og smell.

Han fekk seg så ein billigbillett til Cuba og Havanna og hadde der både spesielle og interessante opplevelingar. Derifrå reiste han til Panama og vidare til Hawaii, ei vulkansk øy i Stillehavet med fin natur, behageleg klima og fine strender. Etter to interessante veker på Hawaii gjekk turen vidare til Japan og Tokyo, der han var i tre veker. Tokyo var ein hektisk og folkerik by, men der var reint og ryddig og lite kriminalitet. I to av vekene han var i Japan reiste han rundt i landet med tog og fekk sjå mykje.

Reisa gjekk så vidare til Australia der han var ein månad. Han reiste rundt i landet med busspass som varte i tre veker, og var m.a. i Sydney, Canberra og Brisbane. Eit svært spennende og interessant land. Temperaturen var behageleg, og der var fine badestrender. Frå Sydney gjekk så ferda vidare til Singapore, som også var ein rein og ryddig by, men med eit for høgt prisnivå for ein ungdom som reiste på denne måten. Neste stopp var Laos. Landet vart sterkt ramma av Vietnam-krigen og ber preg av det enno. Han for vidare til Vietnam, eit interessant land som er i stor endring og med mykje spennende mat, heilt annleis enn det vi tek til oss. Ferda vidare gjekk så til Sri Lanka, som er eit fattig, men interessant land, med aukande turisme og fine strender. Han vart invitert til å bu hos ei familie og var der ein periode, men reiste også rundt i landet og fekk sjå mykje. Sri Lanka er eit lite land som er billegr og reise og bu i. Men landet ber tydelege spor av at det har vore krig der i mange år.

Reisa gjekk så tilbake til Noreg etter 7 månader med store opplevelingar og endå fleire inntrykk. Ei reise som han vil minnast heile livet og som han har forevigd med ei mengde bilete. Han fekk spørsmål om kva reisa hadde kostat, og opplyste at det var under 100.000,- kroner, så då må ein seie at han har fått utruleg mykje for pengane.

## Møte i Hareid Rotary 13. desember 2010

Vigdis Riise opna med å overrekke ein vakker blomsterbukett til Elias Sellevold, som fyller 70 år denne veka.

Programmet denne dagen var eit svært interessant.

### Ego-foredrag av Bernhard Harkjerr.

Bernhard vart fødd på Sauneset i Ulsteinvik som eldst av 4 søskjena Bernhard, Ole Johan, Tove og Astrid. Mor er Hanna (frå Ulsteinvik) og Jogeir (frå Hareid).

Bernhard vaks opp i Ulsteinvik og gjekk barneskule, framhalds-og realskule der. Deretter gjekk han 1 år på Møre Folkehøgskule i Ørsta, før han tok Teknisk skule i Ålesund. Så for han i det militære, tok vidare teknisk utdanning der og var til slutt 3 år ved Lindesrud luftvernstasjon.

I ungdomen var han aktiv speidar og med i Fredheim-miljøet i Ulstein KFUK/KFUM. Han hadde sommarjobb som selskinnsllossar i Brandal og billettør på Kollen-bussane, og var også ein tur til Svalbard med Signalhorn.

I 1976 gifte han seg med Anne Mari Hjørungdal frå Hjørungavåg, og dei fekk 4 jenter: Helene, Silje og tvillingane Bente og Karianne. Diverre døydde Karianne som spedbarn. Jentene er alle utdanna innan økonomi, og 2 jobbar som revisorar.

Familien flytta til Hareid i 1985, og Bernhard jobba første tida i dataavdelinga til Sunnmørsbanken og seinare Kreditkassen. Deretter jobba han ei tid i Hareid komm. El.verk, før han i 1997 begynte ved data-avdelinga i Ulsteingruppen og vart seinare med over i Rolls Royce AS. Der jobba han først som IT-konsulent, og seinare som senior IT-konsulent. Siste 3 åra har han jobba med innføring av ny arbeidsflyt for stor organisasjon, med standardisering, og med strategiar for val av leverandørar og materiale. Avdelinga han no jobbar i er Global Indirect Purchasing Marine, og han har ansvar for innkjøp av varer til ”daglig bruk” (ikkje produksjon). Denne avdelinga er global, og Bernhard fortalte om ei rivande utvikling der dei no konsentrerer seg om få og store globale leverandørar for å oppnå best mulige vilkår.

Kona Anne Marie var i mange år heimeverande, jobba deretter ei 10-årsperiode som assistent på skule og SFO, før ho reiste til Oslo i 2 år og utdanna seg til bibliotekar. Ho jobbar no ved biblioteket i Ålesund.

Bernhard var i mange år leiar for Hareid Skulekorps. Andre fritidsinteresser er veteranbil, der han er med og arrangerer ”Rundeløpet” kvart år, fjellturar, hytta på Bjarli og slektsforsking.

## **Møte i Hareid Rotary 20. desember 2010**

Dette var dagen for juleavslutning og julemat, og vi kom til eit vakkert pynta lokale.

Vigdis Riise opna med å lese ei vakker forteljing om Jesus sin fødsel før ho ønskte velkomen til eit godt måltid. Lutafisken og móren med tilfang smakte ypperleg, og dei to kokkene, Mildrid Hjørungnes og Ingrid Stennes, fekk applaus og godord for innsatsen. Drøsen gikk livleg rundt borda, og stunda vart ei fin avslutning på året 2010.